



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: J.p. 14/6470

Vår dato: 24.09.2014

Vår ref.: 2010/12872

Arkivnr.: 421.3

Bjerkreim kommune
Postboks 17
4389 Vikeså

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Statleg samordna uttale til kommuneplan for Bjerkreim 2014 - 2026

Vi syner til framlegg til kommuneplan for Bjerkreim oversendt 27.06.2014. Kommunen har lagt ved utkast til oppdatert ROS-analyse for Bjerkreim kommune.

Den samordna uttalen kjem frå Fylkesmannen i Rogaland, Avinor, Norges vassdrags- og energidirektorat og Direktoratet for mineralforvaltning, sjå vedlegg. Andre deler av regional stat som er del av samordningsprosjektet, har ikkje komme med faglege råd eller motsegner til planframlegget.

Statens vegvesen har meldt at dei berre vil uttale seg som regional vegmyndighet på vegne av Rogaland fylkeskommune, og at slik uttale fell utanom samordningsprosjektet for statlege motsegner og faglege råd.

Avinor meiner det ikkje er tiltak i arealdelen som kan komme i konflikt med deira verksemd.

Norges vassdrags- og energidirektorat har faglig råd om at kommunen går gjennom areal i 100-metersbeltet til vassdrag for å få eit differensiert forvaltning av vassdragsbeltet basert på verneverdiar og arealtilstand.

Vidare tilrår NVE at:

- føresegna knytt til omsynssone skredfare § 8.1 vert omarbeida slik at føresegna forbyr eller set vilkår for tiltak innanfor sona.
- føresegna til omsynssone flaumfare § 8.2 vert omarbeida slik at føresegna forbyr eller set vilkår for tiltak innanfor sona.
- føresegna § 2.2 tryggleik mot flaum vert omarbeida til å gjelde heile kommunen, ikkje bare område der det i dag ligg føre kunnskap om flaumhøgd

Direktoratet for mineralforvaltning er nøgd med at kommunen tek ei meir aktiv rolle når det gjeld råstoffuttak som manglar planavklaring. Dei minner om at minerallova sin overgangsperiode ender 1. januar 2015, og at alle mineraluttak etter dette skal ha driftskonsesjon. Direktoratet vil normalt krevje at mineraluttaket skal vere planavklart, helst gjennom reguleringsplan. Nye uttak skal ha konsesjon før uttaket kan starte.

Fylkesmannen i Rogaland har etter endringar i arealdelen redusert talet på motsegner til planen. Vi har framleis **motsegn** til:

- Tre bustadområde (B19 Røysland, B26 Kleivane og B27 Bjerkreim)
- Eit område for fritidsbustader (F8 Øygaard)
- Råstoffuttak R10 Haua gard
- Næringsområde N12 Sagland, fram til arealet får ei ny avgrensing

Fylkesmannen har også **motsegn** til at kommunen har redusert verkeområdet for rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag til eit 30-metersbelte langs hovudstrengen av Bjerkreimsvassdraget. Sjå også fagleg råd frå NVE.

Vi har også **motsegn** til manglande flaumfarevurderingar for deler av kommunen. Vi støttar NVE sine faglege råd til føresegner for flaumfare og omsynssone for flaum.

Nye motsegner omfattar:

-Nytt næringsområde ved Røyslandsvatn, N14 Buebakken. Området omfattar mellom anna areal som på det første kartet var merka B25, og som vi også hadde motsegn til i brev av 13.09.2013.

-Råstoffuttak R2 og R8 Berse. Planstatus for R2 må vere avklart før eventuell utviding. Fylkesmannen inviterer kommunen til dialog for å avklare kva areal som skal settast av til masseuttak ved Berse, og kva utgreiingskrav som må oppfyllest. Dette bør avklarast før kravet om driftskonsesjon gjer seg gjeldande 2015.

Fylkesmannen har **fagleg råd** om at kommunen:

- gjer eit grundigare arbeid med ROS i kommuneplan for å unngå meirarbeid på reguleringsnivå
- tar inn føresegner for overvatn for å hindre flaumskade i tettstader
- krev fagkyndig utgreiing av skredfare i nye utbyggingsområde
- tar ut heile eller deler av område for fritidsbustader F18 Tjørn

Vi syner elles til vår uttale 13.09.2013.

Vi ynskjer lukke til i vidare arbeid, og vonar vi saman med dei andre statsetatane kan bidra til gode løysingar i kommuneplanarbeidet.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Tone Ankarstrand
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 03
E-post: fmrotot@fylkesmannen.no

Kopi til:

Avinor AS
Statens Vegvesen, Region Vest
Rogaland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Askedalen 4	6863	Leikanger
Postboks 130	4001	Stavanger
Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM

Vedlegg:

— Uttale frå Fylkesmannen i Rogaland
Uttale frå AVINOR
Uttale frå Norges vassdrags- og energidirektorat
Uttale frå direktoratet for mineralforvaltning